



NAV Hordaland
Postboks 284
5804 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/1337 - 18/18170

Saksbehandlar:
Grete Algrøy Herøy
grete.algroy.heroy@radoy.kommune.no

Dato:
13.12.2018

Merknader til avtale om drift og forvaltning av eigedom - NAV Hordaland og Radøy kommune

Viser til tilsendt avtaleutkast for drift og forvaltning av eigedom mellom NAV Hordaland og Radøy kommune. Som part i avtalen har vi nokre tilbakemeldingar om endringar før den kan bli signert.

I punkt 6.2. blir det vist til vedlegg for fordelingsnøkkel, det kan vi ikkje sjå ligg ved. Vidare øvst på side 8 er det foreslått kostnadsfordeling med 45% / 55% på hhv stat og kommune. Vi vil foreslå endring til 50 % - 50%. Når vi er enige om fordelingsnøkkel, bør det ikkje stå forslag i avtalen, men meir presis ordlyd.

Til sist registrere vi at det i oversendingsbrevet er sagt at avtalen skal gjelde for perioden 01.01.2018 og ut 2019. Vi tenkjer at avtalen må gjelde frå 01.01.2019. (jfr pkt 4) utan vidare endringar i fordelingsnøkkel, pr. halvår (jfr pkt 6.2 siste setning) Radøy kommune er no i prosess inn i kommunesamanslåing mot Alver pr. 01.01.2020, og det vil truleg bli fleire endringar som følgje av det. Slik vi ser det, lite praktisk med halvårlege endringar i fordelingsnøkkel.

Med helsing

Grete Algrøy Herøy
kommunalsjef helse og omsorg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
NAV Hordaland

Postboks 284

5804

BERGEN